Det er viktig å ha god beredskap for å hindre utslipp. På den andre side er det også vesentlig å ha fokus på å forebygge utslipp. I denne forbindelse minner Fiskeridirektoratet om at småbåthavnene har plikt til å sørge for at avfall og farlig avfall håndteres miljømessig forsvarlig, og til å sørge for at virksomheten ikke skader miljøet. Dette innebærer at alle småbåthavner må ha systemer som sørger for at restavfall og farlig avfall håndteres forskriftsmessig. I denne forbindelse viser vi til fagrapporter utarbeidet av COWI «*Miljøvennlige småbåthavner*» og «*Tiltak for å redusere utslipp av mikroplast og helse- og miljøfarlige stoffer fra marine småbåthavner*» samt Miljødirektoratets veileder «*Veileder til utarbeidelse av avfallsplaner i havner*».

Det er viktig å legge til rette for fritidsfiske og annen form for rekreasjonsbruk av kysten vår. Videre bør kommunen også vurdere muligheter for økoturisme og reiseliv tilknyttet sjøen, kystkultur og kulturlandskap. Her kan det ligge muligheter for samarbeid mellom landbruk og fiske og andre næringer knyttet til kultur, reiseliv og opplevelser. Mat fisket eller sanket fra sjøen er som oftest både økologisk, sunn og kortreist.



Øvrige innspill

Interkommunalt samarbeid

Det er viktig at kommunene ser sammenheng mellom bruk av land, utover egne kommunegrenser. Fiskeridirektoratet ser interkommunale planer og planprosesser som positivt, både med hensyn til ressursbruk og tilgang til kompetanse. Kommuner som deler samme fjord- og strømsystem bør samarbeide om arealplanlegging med formål bedre og mer helhetlig forvaltning av felles sjøarealer. Et viktig verktøy i denne sammenheng er regionale planer. I tillegg til at regionale planer skal samordne nasjonale, regionale og kommunale hensyn, er de viktige for å forenkle kommunal planlegging og skape forutsigbarhet for planlegging på kommunalt nivå.

Plast- og marin forsøpling

Flere kommuner har etter hvert egen tiltaksplan mot plast- og marin forsøpling. En slik plan vil også kunne bidra til nå delmål innen FNs bærekraftsmål. Marin forsøpling og mikroplast er en stor avfallsutfordring og en trussel mot livet i havet. Et bidrag i kampen mot plastforsøpling kan være å utarbeide en tiltaksplan mot plast og marin forsøpling som har fokus på lokale tiltak basert på dagens ordninger og regelverk.

En tiltaksplan mot plast og marin forsøpling kan sees i sammenheng med avfallshåndteringen i kommunen og hovedplan for avløp og vannforsyning. Dette for på best mulig måte å forhindre at avfall, inkludert mikroplast, slippes ut sammen med avløpsvann og overvann til det marine miljøet.

Avbøtende tiltak

Ved ny eller endret arealbruk bør avbøtende tiltak inngå som en del av vurderingen for å hindre og/ eller redusere negative virkninger for det marine miljøet.

Avsluttende kommentar

Vi ønsker Hå kommune lykke til i det videre arbeidet med kommuneplanen som vi forutsetter vil gi gode vilkår for å sikre eksistens og utviklingsmuligheter for marine næringer, herunder ivaretagelse av marint biologisk mangfold.

Fiskeridirektoratets karttjeneste Yggdrasil <https://portal.fiskeridir.no/plan> gir informasjon om ressursområder og fiskeriinteressenes bruksområder i kystområdene utenfor kommunen og kan være et nyttig verktøy i det videre planarbeidet.

Fiskeridirektoratet bidrar gjerne med sin kompetanse i det videre arbeidet.

Med hilsen

Erik Ludvigsen
seksjonssjef

Lena Longva-Stavem
rådgiver



Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten håndskreven underskrift.

Mottakerliste:

Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
------------	--------------	------	---------

Kopi til:

Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Statsforvaltaren i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER
	Sentrum		



Hå kommune
Rådhusgata 8
4360 Varhaug

Dykkar referanse:
20/33659
Dato: **29.01.2021**
Saksnr.: **2020/74670**
Dok.nr.: **5**
Sakshandsamar:
Synnøve Hognestad

Hå kommune - Kommuneplan 2021 - 2036 - Varsel om oppstart og høring av planprogram

Rogaland fylkeskommune viser til brev datert der forslag til planprogram for kommuneplanen 2021 – 2036 blir sendt på høring.

Fylkesrådmannen vurderer at forslag til planprogram i stor grad svarar ut loven sitt krav til innhald. Planprogrammet er oversiktleg og lett å lese. Planen gir også greie for korleis innbyggjarane i kommunen blir invitert til å komme med innspel i vidare arbeid med planen.

Forslag til planprogram bygger elles vidare på kommunen sin planstrategi. Både planprogrammet og planstrategien er tydeleg forankra i FN sine berekraftsmål, og kommunen har gjort konkrete val for å konkretisere berekraftsmåla og gjere dei aktuelle for kommunen.

Planen nemner relativt få satsingsområde. Dette i seg sjølv bidrar til å spisse planen. Fleire tema, spesielt i samfunnsdelen er likevel relativt generelt omtalt. Dette fører til at samfunnsdelen til dels gir få konkrete rammer for kva som skal utgreiast og at det dermed også er vanskeleg å forstå innhaldet i kvart enkelt punkt. Knappe formuleringar rundt kvart tema gjer det også vanskeleg i gi konkrete tilbakemeldingar og vurdering av om val av satsingsområde er i samsvar med regionale planar og strategiar.

Strukturen i uttalen følger vidare oppsettet i planprogrammet. Andre regionalt viktige tema som vi opplever er lite eller ikkje nemnt i planprogrammet blir omtalt under overskrifta «Andre tema» heilt til slutt.

Samfunnsdelen

Under tek vi utgangspunkt i de punkta kommunen sjølv har løfta fram som viktig i vidare arbeid med kommuneplanen. I og med at punkta stort sett er generelt omtalt i planprogrammet, vil vi her utdjupe nokre at de regionale føringane knytt til nokre av tema. Vi ber kommunen vurdere om tekst knytt til ulike tema bør supplerast noko for å gi ei breiare forståing av innhald i kvart av tema og kva utfordringar som skal løysast.

Berekraftige tettstader og samfunn

Under overskrifta berekraftige tettstader og samfunn løfter planprogrammet dei tre berekraftsdimensjonane, miljø-, sosial- og økonomisk berekraft. Vi vil her særleg kommenter den

økonomiske dimensjonen. Ein av føresetnadene for attraktive og berekraftige lokalsamfunn er arbeidsplassar, sysselsetting og næringsutvikling. Under dette avsnittet saknar fylkesrådmannen større fokus på arbeidsplassar i eit livskraftig næringsliv. For å oppretthalde og skape nye arbeidsplassar og sysselsetting, bør kommunen, om kommuneplanen skal vera eit strategisk styrings- og samordna utviklingsverktøy, prioritere satsingsområde innan næringsutvikling og verdiskaping i samfunnsdelen. Vidare bør handlingsdelen til samfunnsdelen synleggjere kva kommunen skal gjera for å vera ein aktiv tilretteleggjar, støttespelar, rettleiar for næringslivet og næringsutvikling og kva ressursar som krevjast for å følgje opp dette.

Fylkeskommunen saknar vidare ein tydlegare kopling til berekraftsmål 2, der matproduksjon vert løfta som eit satsingsområde. Landbruket er ein viktig del av næringslivet i kommunen og bør dermed gi en direkte kopling både til kommunen sine satsingsområde om attraktive og berekraftige lokalsamfunn og å stoppe klimaendringane.

Hå er ein stor landbrukskommune kor jordbruksareala, både dyrka jord og beitene, er næringsareal for ein berekraftig og klimasmart matproduksjon. Vern og bruk av matjordar må sjåast både i ein nærings- og i ein klimasamanheng.

Mat er elles eit viktig satsingsområde i den nyleg vedtatte nærings- og innovasjonsstrategien for Rogaland. Mat er ein viktig del av samfunnstryggleiken og sjølvforsyninga.

Fleire av tema nemnt over er også forankra i regionale planar og strategiar: «*Nærings- og innovasjonsstrategi for Rogaland*», «*Strategi for bioøkonomi i Rogaland, 2018 – 2030. Kunnskap, teknologi, samarbeid.*» og «*Regionalplan landbruk*»

God helse

God helse og godt utdanningstilbod er nemnt som konkrete satsingsområde i samfunnsdelen. Konkret er det nemnt at kommunen gjennom planlegging av barnehagar, skular, utforming av stader, kultur og fritidstilbod moglegheit til å bidra til god helse for innbyggjarane.

Fylkesrådmannen vil gi først og fremst gi skryt til kommunen for at folkehelseperspektivet synes å vere godt forankra i kommuneplanen. Rapporteringa frå partnerskap for folkehelse 2020 viser at psykisk helse hos barn og unge, utvikling i demografi og forskjellar i helse er det største utfordringane. Desse tema er omtalt i planprogrammet. Tidleg innsats innanfor helse og utdanning har vist seg å vere lønnsamt på sikt. Forebyggjande haldningsarbeid bør skje i tidleg alder, gjerne i skular og barnehagar.

Visjonen til kommunen «Me løfter i lag» er også i samsvar med tankar og prinsipp folkehelsearbeidet er tufta på. Hå kommune har utmerka seg positivt med arbeid knytt til frivillig arbeid. Vi er svært positive til at kommunen i planprogrammet signaliserer at ein ynskjer å legge til rette for gode møteplassar og arbeid med frivillig innsats.

Fylkesrådmannen ynskjer elles å framheve tilgang til friluftareal som viktig tema i arbeid med folkehelse. Tanken om å synleggjere nærturområde i kommuneplankartet og definere gang- og sykkelnettverk innanfor tettstadsområda er viktig i eit folkehelseperspektiv. Universell utforming er nemnt i liten grad. Vi rår kommunen til å legge rettleiarar «*Kommunen planlegging og tiltak for en aldrende befolkning*» til grunn for vidare planlegging.

Medverknad bør være ein tydleg del av folkehelsearbeidet. Medverknad er også eit viktig prinsipp i folkehelseloven. Vi ber kommunen vere ennå tydelegare på korleis marginaliserte grupper skal involverast i planarbeidet. Prosess er i enkelte samanhengar like viktig som mål. Involvering bidrar til eigarskap, aktive innbyggjarar og attraktivitet.

Stoppe klimaendringane

Kommunen trekk fram klimaendringar som ei konkret satsing i vidare arbeid med kommuneplanen. Her er det peikt på at kvar enkelt innbyggjar og forbrukar må vere villige til å endre vanar, men også at kommunen kan fungere som tilretteleggjar.

Fylkesrådmannen er samd i at tema er viktig, men saknar ei konkretisering av arbeid med klimaendringar. Klimaarbeid eit breitt tema, men fleire moglege innfallsvinklar. Vi nemner her nokre regionalt viktige føringar:

Klimagassreduksjon

Klimagassreduksjon er løfta som eit viktig tema i regional planstrategi og det vil i løpet av kort tid bli sett i gang arbeid med ein regionalplan for klimaomstilling. For å nå mål om klimagassreduksjon må ulike faktorar spele på lag. Fylkesrådmannen vil her framheve kommunen si rolle som planmynde og den verknaden areal – og transportplanlegging kan ha for klimagassreduksjon.

Transport er ein av dei største bidragsytarane til klimagassutslepp. Berekraftig mobilitet omfattar både gang-, sykkel- og kollektivtransport, og fleksible delingsløysningar for til dømes bil. Målet bør være at fleire vel å gå, sykle eller bruke kollektivtransport når dei kan, men likevel kan velgje bil når dei har behov for det. Dette er både miljøvennleg og helsefremjande. Vi ber kommunen vurdere om klimagassreduksjon og konkret arbeid for berekraftig mobilitet bør innarbeidast i samfunnsdelen.

Næringsutvikling som en del av det grønne skiftet

Ei vinkling vi saknar er klimasmart næringsutvikling og verdiskaping. Kommunen vert oppmoda til å setja det grønne skiftet som ei overordna strategisk paraply i kommuneplanen, og vurdere kva kommunen som tilretteleggjar for samfunns- og næringsutvikling og verdiskaping kan gjera for å medverka til ei grøn og klimavenleg omstilling i næringslivet i kommunen. Her bør kommunen og vurdere sirkulære verdikjeder med mest mogleg gjenbruk av ressursar og minst mogleg svinns og avfall.

Klimasmart landbruk

Klimasmart landbruk er eit viktig omsyn i matproduksjonen, jf den ferske klimaplanen til regjeringa kor klimaplanen til landbruket er integrert. Landbruksnæringa har forplikta seg til å følgje opp klimaplanen for å redusera klimagassutsleppa og for å auka bindinga av karbon i jorda. Beitebruk medverkar både til karbonbinding og reduserte klimagassutslepp grunna bruk av kortreist grovfôr.

Arealdelen

Fylkesrådmannen vurderer at planprogrammet er god og konkret oversikt over tema som er sentrale i Hå kommune. Fylkesrådmannen vil her utdjupe nokre av dei tema kommunen sjølv har løfta som viktig.

Langsiktig arealstrategi

Planprogrammet viser til hovudgrepa i gjeldande arealstrategi om langsiktig grense rundt stasjonsbyane, at bustadbygging først og fremst skal skje gjennom fortetting, transformasjon og høg arealutnytting innanfor tettstadsgrensene. I tillegg skal det leggjast til rette for utbyggingsareal i Stokkelandsmarka.

Vi er positive til tanken om vidareutvikling av stasjonsbyane og vil gi ros til kommunen for dei sentrumsplanane som allereie er utarbeidd for Varhaug og Nærbø. Eit viktig tema i arbeid med arealstrategi vil elles vere utvikling av Stokkelandsmarka. Kommunen nemnar at befolkningsveksten i kommunen har vore en god del lågare enn det som var stipulert ved førre rullering av kommuneplanen. Stokkelandsmarka var opphaveleg tenkt som eit avlastingsområde for bustadbygging først og fremst når kapasiteten i stasjonsbyane var brukt opp. Fylkesrådmannen ber kommunen i vidare arbeid med arealstrategien vurdere nøye utbyggingstakten for Stokkelandsmarka. Ein betydeleg overkapasitet for bustader her, kan bidra til å svekke fortettingsstrategien som verkemiddel i stasjonsbyane. Med utgangspunkt i oppdatert befolkningsframskrivingar og fastlagt prinsipp i RP Jæren 2050 om planlegging «innanfrå og ut», ber vi også kommunen vurdere utstrekning av Stokkelandsmarka.

Eit moment ved utforming av ein langsiktig arealstrategi vil også vere utnyttingsgrad. Fylkesrådmannen støttar opp om tanken om å innarbeide utnyttingsgrad i eldre planar. Fylkesrådmannen vil også oppfordre kommunen til å gå nøye gjennom føresegnar om utnyttingsgrad i kommuneplanen slik at desse i størst mogleg grad bygg opp om prinsippet «innenfrå og ut», jf RP Jæren 2050. I retningslinjene til regionalplanen er det konkret nemnt at: *«nytt arealbehov til utbygging søkes oppfylt gjennom betre utnyttelse av eksisterende utnyttingsområder og gjenbruk av eksisterende bygningsmasse, fortetting og transformasjon framfor nybygging på områder utan bebyggelse frå før»*

Fylkesrådmannen er elles positiv til at kommunen gjennom planprogrammet har signalisert at det skal utformast eit jordvernmål for kommunen. Effektiv arealbruk heng nøye saman med utforming av jordvernmål.

Næringsareal

Fylkesrådmannen er positiv til dei tiltaka som er foreslått for tema næring i arealdelen, fortetting i eksisterande nærings- og industriområde. Vi er også positiv til at blir vurdert om det skal trekkast ei langsiktig grense for utviding av Kviamarka.

Næringsområde ved Kviamarka har nyleg vore diskutert i regionalt planforum. Eit av fylkesrådmannen sine innspel i den saka var at ein bør vurdere felles parkeringsløyisingar for ulike bedrifter innanfor eit næringsområde. Felles parkeringsløyisingar, gjerne også under bakken, vil kunne frigjere areal og samla sett gi ei betre arealutnytting. Fylkesrådmannen ber kommunen vurdere om felles parkeringsløyisingar også kan vere aktuelt i andre næringsområde.

For næringsverksemdar vil fylkesrådmannen minne om prinsippet «rett verksemd på rett stad», som også er tydeleg forankra i RP Jæren. Verksemdar med mange arbeidsplassar/ besøkande i forhold til arealbehovet skal lokalisast i og nær sentrumsområde. Dette gir god arealutnytting og rom for at mange kan gå, sykle eller reise kollektiv. Verksemdar med større arealbehov og færre arbeidsplassar/besøkande pr areal bør lokalisast mindre sentralt for å spare de mest sentrale

areala.

Vi ber også kommunen gå nøye gjennom dei næringsområda kommunen allereie har for å vurdere om det er behov for ei meir finmaska inndeling av kor næringsområde tilhøyrande kategori I og kategori II kan plasserast, jfr. prinsippet om «rett verksemd på rett stad».

Transport og mobilitet

Omkøyringsveg Vigrestad

Kommunen har nemnt at det er viktig å få avklart om omkøyringsvegen aust for Vigrestad skal vidareførast fram til Haugstadvegen.

Ein eventuell omkøyringsveg som bryt med langsiktig grense for landbruk vil kunne innebere konflikt med overordna føringar for langsiktig arealplanlegging, jf RP Jæren 2050. Vi ber kommunen i det vidare arbeidet nøye vurdere behov og vegtrase opp mot jordvernmål og oppsplitting av jordbruksareal ein slik veg vil kunne føre til.

Fylkesrådmannen minner også om at ein det i dette arbeidet må vurdere konsekvensar for kringliggande vegnett dersom ein vel å stoppe omkøyringsvegen ved Grønholsvegen. Ein omkøyringsveg vil krevje tiltak på Grønholsvegen, og vil og få konsekvensar for eksisterande og planlagde utbyggingsområde langs denne.

Parkering

Fylkesrådmannen er positiv til at kommunen vil vurdere om det er behov for differensierte parkeringskrav for sykkel og bil. Normer for parkering vil kunne bygge opp tankegangen bak prinsippet «innanfrå og ut». Eit av måla med å konsentrere aktivitet i sentrum og nær kollektivaksar er nettopp å redusere transportbehovet, og særleg bruk av bil. Normer for parkering vil også kunne ha stor innverknad på utforming av sentrum. Bilar tek stor plass og kan i stor grad påverke utforming av bruk av felles uterom og gater i tettstadane. Fylkesrådmannen legg til grunn at parkeringsnormene i RP Jæren 2050 vart lagt til grunn for vidare arbeid i kommuneplanen. Kommunen bør også vurdere om differensiering av parkeringsnormer skal inngå som ein del av arealstrategien.

Kommunen bør vidare ha eit særleg fokus på innfartsparkering ved jernbanestasjonane i kommunen. Innfartsparkering kan bidra til at jernbana vert meir tilgjengeleg og også avlaste byområda Eigersund, Stavanger og Sandens for unødvendig biltransport.

Gang, sykkel og turnett

Fylkesrådmannen ser det som positivt at kommunen løfter fram behovet for gang-/sykkelveg og gangstruktur – både med tanke på verknaden gåing/sykling har for dagleg aktivitet og folkehelse, og ut frå eit transportperspektiv.

Fylkesrådmannen er også positiv til prioritering av gang-/sykkelveg mellom sentrum og andre målpunkt. Erfaring viser at det er lettast å oppnå meir gåing/sykling til/frå sentrumsområde, og i områder med kort avstand arbeid-bustad. Gevinsten av slik tilrettelegging vil auke vesentleg dersom kommunen samtidig oppnår god arealutnytting, «rett verksemd på rett stad» og i tillegg har ei bevisst haldning til parkering.

Der det ligg til rette for det, vil det være positivt om gang/sykkellenker kan representere snarvegar og/eller bli kombinert med grøntstruktur. Vi vil særleg oppfordre kommunen til å innarbeide turstiar frå «Plan for turnett i Hå kommune» som ligg innanfor område vist som regional blågrøn struktur i RP Jæren i kommuneplankartet.

Andre tema

Landbruk

Landbruk er i liten grad omtalt i planprogrammet, anna enn at kommunen skal avklare forholdet mellom kommunedelplan for landbruk (landbruksplanen) og kommuneplanen. Vi har nemnt at landbruksnæringa og matproduksjon bør forankrast tydlegare i samfunnsdelen.

Kommunedelplan for landbruk har elles nyleg vore diskutert i regionalt planforum. Her vart det gitt råd om at avklaringar i landbruksplanen som konkret gjaldt arealbruk også bør takast inn i kommuneplanen. Kommuneplanen bør vere det dokumentet i kommunen som gir samla oversikt over all arealbruk, og føringar for denne. Arbeid med kommuneplanen bør også vere den arenaen der ulike tema vert vurdert opp mot kvarandre.

Fylkesrådmannen vil under tema landbruk også framheve kva rolle bruk av LNF - områda kan ha for biologisk mangfald, klimatilpassing og miljømål i vassforskrifta.

Når det gjeld biologisk mangfald gav FN's naturpanel i mai 2019 ut ein evalueringsrapport om det globale tapet av artsmangfald og økosystemtenester. Det er mange faktorar som påverkar den negative utviklinga, og alle samanhengar er ikkje kjend. Likevel slår rapporten fast at det ikkje er tvil om at den direkte påverknaden av artane sine leveområde, anten i form av utbygging eller andre former for inngrep har stor betydning.

I Hå er ein forholdsvis stor del av arealendringane i LNF - areal, mellom anna gjennom nydyrking, fjerning av kantsoner ved at det blir dyrka ned mot vassdrag og steingardar vert fjerna. I sum kan dette redusere leveområda for viktige dyre- og planteartar. Kantsoner langs vassdrag og det å ta vare på myr og beite nær vassdrag vil også vere viktig for å bidra til naturleg fordrøying av overvatn. Dette siste er viktig i eit klima som stadige blir våtare og villare.

Vi ber kommunen vurdere om det bør utformast retningslinjer eller føresegner i kommuneplanen som sikrar ein god balanse mellom ynskje om intensiv landbruksdrift og samtidig oppfyller regionale og nasjonale forventningar om å ivareta areal med stor verdi for biologisk mangfald. Kommunen bør også gjennom kommuneplanarbeidet identifisere og planmessig avklare korleis ein kan ta vare på vassdragsnære kantsoner/natur som har betydning for fordrøying og areal som kan bidra til å redusere forureiningspresset på vassdraga.

Handtering av masse i byggeprosjekt

Massedeponi og masseuttak er så vidt nemnt i planprogrammet. Fylkesrådmannen vil også minne om regionalplan for handtering av overskotsmasse på Jæren.

Planen skal bidra til berekraftig handtering av overskotsmasser ved å legge til rette for ei sirkulær forvaltning av råstoffa. I retningslinjene til regionalplanen ligg det også forventning om at følgjande retningslinjer blir innarbeida i kommunale planar:

- Mål om massebalanse i større utbyggingsprosjekt
- Sette av områder for mellomlagring (kommuneplan, områdeplan og større detaljplanar)
- Legge inn krav om massedisponeringsplan i kommuneplan, og følgje tema opp i detaljreguleringsplanar

- Gå gjennom kommunen sine næringsområde og vurderer om desse er egna for mottak og sortering av masse.

Ei forutsetning for meir gjenbruk av masser, er at det vert etablert eit strengt regime for å gi dispensasjonar for lokale tippar/deponi, og at ein oppfordrar til at overskotsmassar blir levert til eit sentralt mottaksanlegg for mellomlagring/gjenvinning og vidare gjenbruk i andre prosjekter.

Reiseliv og opplevingar

I tillegg til mat er og reiseliv og opplevingar eit av satsingsområda i den ferske nærings- og innovasjonsstrategien til Rogaland.

Fleire av problemstillingane som *fritidsbusetnader, fritids- og turistmål, kulturvern, KULA* er innsatsfaktorar i ein heilskapleg reisemålsutvikling; overnatting, servering, aktivitetar og opplevingar, infrastruktur. Kommunen bør vurdere om reiseliv og opplevingar skal vera eit av satsingsområda i den strategiske samfunnsdelen og om det vert prioritert, vurdere forankring i arealstrategien og arealdel.

Kulturmiljø/kulturvern og kulturlandskap gjer kommunen unik og særprega, noko som er med å skapar attraksjonskraft både for turistar, fastbuande og potensielle tilflyttarar. Kommunen bør vurdere korleis nytte kulturmiljø og kulturlandskap til ei berekraftig verdiskaping og næringsutvikling, særskilt om kommunen prioriterer reiseliv og opplevingar som satsingsområde i samfunnsdelen. Fylkeskommunen kjenner til at kommunen allereie jobbar godt med å utvikle reiselivsprodukt med å kople lokal mat, landbruket og kulturlandskap saman til opplevingar og aktivitetar.

Kulturminnevern

Kommuneplanens samfunnsdel og kulturminne

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein viktig arena for samordning mellom den enkelte sektor sine utfordringar og prioriteringar og kommunen sin samlande utvikling. All kommunal sektorplanlegging skal vere forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette inkluderer og omsynet til kulturminne, kulturmiljø og landskap. I samfunnsdelen må det difor bli utarbeida eigne mål og strategiar for kulturminne, kulturmiljø og landskap. Det er difor flott at kommunen legg opp til kulturvern som eit særskilt tema, og integrering av kulturminnevernplanen. Det er og viktig at dette ligg som eit premiss i alle delar av kommunen sin verksemd, og at kommunen også integrerer desse målsetningane når det skal bli laga mål og strategiar knytt til andre sektorar som reiseliv/næringsverksemd, folkehelse og oppvekst i samfunnsdelen.

Det er viktig at også kulturminne er ein del av samfunnsdelen si handsaming av samfunnssikkerheit, og om kommunen har mål og strategiar for samfunnssikkerheit og klimatiltak (også ROS), bør kulturminne vere ein integrert del av desse.

Kommuneplanens arealdel og kulturminne

Hå kommune er i gong med revisjon av kulturminnevernplanen, og det er i den samanhengen gjort ei ny registrering av eit representativt utval av bygningar frå 1900-talet. Kommunen skriv vidare at hovudmålet med kulturminnevernplanen er å take vare på eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø. Fylkesrådmannen vil understreke vekta av å integrere og fylgje opp kulturminnevernplanen som ein del av kommuneplanen si samfunnsdel og arealdel. Det er viktig at samfunnsdelen sine målsetningar og strategiar i forhold til kulturminne blir nedfelt i kommuneplanen sin arealdel og plankart. Ei god forankring av kulturminnevernplanen, og sikring av kulturminne, kulturmiljø og landskap i kommuneplan må gjerast gjennom bruk av arealformål og føresegner til desse (jfr. Pbl. § 11 – 10 og 11 – 11), generelle føresegner (jfr. Pbl. § 11 – 9) og omsynssonar (jfr. Pbl § 11 – 8) kor retningslinje og føresegner er knytt til.

Det er også positivt at kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) blir trekt fram som eit særskilt tema. Hå kommune er ein kommune med særleg store kultur- og landskapsverdiar. Det er difor viktig at verdiane blir take vare på gjennom omsynssonar og generelle føresegner, noko og Riksantikvaren anbefaler. I KULA-rettleiaren for regional- og kommunal forvaltning kan ein finne døme på føresegner og generell rettleiing for dette arbeidet.

Automatisk freda kulturminne/kulturmiljø skal markerast med omsynssone d, (sosikode H730), med tilhøyrande føresegner som viser til kulturminnelova §§3, 4 og 8. Det same gjeld for kyrkjer og kyrkjestader frå mellomalderen.

Nyare tids kulturminne/kulturmiljø, særleg dei som er prioritert i kommunens kulturminneplan og dei som er regulert til spesialområde/omsynssone etter plan- og bygningslova, bør markerast med omsynssone 11-8 c eller 11-8 f (reguleringsplan med verneformål skal forsett gjelde) med sosikode H570. Listeførte kyrkjer bør også få omsynssone c, med retningslinjer/generelle føresegner om bevaring av sjølve kyrkja og omkringliggande miljø, kor det blir vist til lovverk og det nye kyrkjerundskrivet.

Fylkesrådmannen vil presisere at vi ved vår uttale ikkje vil sei oss einige i arealbruken, jf. kulturminnelova § 8. Dette inneber at arealdelen ikkje vil ha direkte rettsverknad sett i forhold til automatisk freda kulturminne. Dette kan særleg få konsekvensar for område som blir lagt ut til byggeområde. Arealbruk kan fyrst bli avklart når reguleringsplanane og byggjesakene (etter Pbl.) blir sendt til fylkeskommunen som sektormyndigheit for kulturminnevern. Dette inneber at kulturminnemyndigheitene og skal vere høyringsinstans når det gjeld tiltak i LNF-områda, på linje med sektorane miljø og landbruk.

Stavanger maritime museum sine merknadar til planprogram

Stavanger maritime museum har i brev datert 20.01.2021 uttalt seg med tanke på marine kulturminne som er freda eller verna i medhald av kulturminnelova §§ 4 og 14. Museet sitt brev er vedlagt og vi ber om at dykk les heile uttalen.

Stavanger maritime museum ber om at det blir stilt plankrav for tiltak i sjø og vassdrag slik at dei får desse til uttale gjennom høyringar etter plan- og bygningslova, og at kommuneplanen inneheld ei føresegn som sikrar at automatisk freda kulturminne og verna skipsfunn i sjø og vassdrag blir take i vare i kommunen si planprosess på lik linje med automatisk freda kulturminne på land. Stavanger maritime museum føreslår følgjande ordlyd i ei slik føresegn: «Alle tiltak i sjø og vassdrag skal avklarast med kulturminnemynde i høve til kulturminnelova si §§ 8, 9 og 14. Dette gjeld og tiltak kor det ikkje er plankrav, som til døme naust, hytter, akvakultur, mudring, mindre utfyllingar med meir.»

Når kommuneplanen sin arealdel kjem på offentleg ettersyn vil vi vurdere om det blir lagt opp til arealdispensasjon eller plangrep som vil omfatta kjende kulturminne eller som er så omfattande at vi vil tilrå marinarknologiske registreringar. Dersom det er tilfelle av kjende kulturminne som ikkje er tilstrekkeleg take vare på i planen vil vi be fylkesrådmannen om å fremje motsegn til planen.

Konsekvensutgreiing/utgreiingsbehov

Problemstillingar som skal vurderast nærare i planarbeidet er summert opp på side 14 i planprogrammet. Vi opplever at problemstillingane er ei blanding av næringstema, viktige omsyn i framtidig arealbruk/arealdel og medverknad.

Fylkeskommunen oppmodar kommunen til å stramme inn oppramsinga, og skilje på tema som skal vurderast i samfunnsdelen og i arealdelen. Vidare kven av desse problemstillingane som skal gå

inn i prioriterte satsingsområde i samfunnsdelen og følgjast opp med konsekvensvurderingar i høve til framtidig arealbruk.

Fylkesrådmannen kan elles ikkje sjå at planprogrammet at inneheld vurderingar om behov konsekvensutredning av kommuneplanen. Vi viser til forskrift om konsekvensutredning § 6, der det kjem fram at kommuneplanens arealdel skal konsekvensutgreiast når planen «fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II».

Forholdet til undersøkningsplikta etter kulturminnelova § 9 bør omtalast. Det bør gå fram at undersøkningsplikta skal avklarast på reguleringsplannivå. Fylkeskommunen har difor ikkje grunnlagsmateriale til å vurdere på kommuneplannivå i kva grad den føreslåtte arealbruken inneber konflikt med automatisk freda kulturminne og kulturmiljø. Dette gjeld også for skipsfunn.

Fylkesrådmannen oppfattar at kommunen i utgangspunktet ikkje ser behov for nye bustad, fritids- eller næringsområde i denne perioden, ut over utviding av Kviamarka og næringsområde på Grødaland. Kommunen bør likevel, som ein del av planprogrammet, vurdere behovet for konsekvensutredning opp mot forskrift om konsekvensutredning. Eventuelle større endringar i utbyggingsmønster, til dømes tydelegare rekkefølge krav eller endring av areal vist som bustadføremaal ved Stokkelandsmarka kan gi behov for konsekvensutredning. Dersom ein forventar at det blir være behov for konsekvensutredning, skal planprogrammet beskrive «relevante og realistiske alternativer» og «forholdene som (..) skal utredes», jf forskrift om konsekvensutredning.

Dersom det viser at det ikkje er krav til formell konsekvensutgreiing, kan det likevel være behov for å belyse konsekvensar av planforslaget i en planomtale.

Helsing
Knut Thorkildsen Slettebak
seniorrådgiver

Synnøve Hognestad
rådgiver

Kopi til:
Statsforvaltaren i Rogaland

Dette dokumentet er elektronisk godkjent. Oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.

Rogaland fylkeskommune

Museum Stavanger
Muségata 16, 4010 Stavanger
T 51 84 27 00
post@museumstavanger.no
museumstavanger.no
Org. no. 995 642 034

Vår ref.: 20.234

Deres ref.: 2020/74670

Stavanger, 20.01.21

Hå kommune – Oppstart av kommuneplan 2021 – 2036 for Hå kommune og høring av planprogram – Merknader til kulturminner i sjø og vassdrag

Vi viser til varsel om oppstart av kommuneplan 2021 – 2036 for Hå kommune og høring av planprogram.

Om vår rolle

Stavanger maritime museum (Smm) skal som fag- og forvaltningsmyndighet etter kulturminneloven ta stilling til forholdet til automatisk freda kulturminner og verna skipsfunn i sjø og vassdrag som berøres av omsøkt tiltak eller plan, i samsvar med lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 §§ 4, 9 og 14. Smm kan kreve å foreta marinarkeologiske registreringer for å avklare forholdet til §14 skipsfunn og §4 kulturminner i sjø. Kostnadene i forbindelse med registreringer og utgravinger må etter kml § 10 bæres av tiltakshaver.

Vanligvis ivaretas kulturminnehensynet på reguleringsplan-nivå, men saker som er unntatt plankrav vurderes når søknadene er forelagt oss etter relevant lovverk.

Våre merknader til planprogram og varsel om oppstart av kommuneplan

Vi ber om at det stilles plankrav for tiltak i sjø og vassdrag slik at vi får disse til uttale gjennom høringer etter plan- og bygningsloven, og at kommuneplanen inneholder en bestemmelse som sikrer at automatisk freda kulturminner og verna skipsfunn i sjø og vassdrag ivaretas i kommunens planprosesser på lik linje med automatisk freda kulturminner på land.

Vi foreslår følgende ordlyd i en slik bestemmelse: «Alle tiltak i sjø og vassdrag skal avklares med kulturminnemyndighetene i henhold til kulturminnelovens §§ 8, 9 og 14. Dette gjelder også tiltak hvor det ikke er plankrav, som f.eks. naust, hytter, akvakultur, mudring, mindre utfyllinger med mer.»

Når kommuneplanens arealdel kommer på offentlig ettersyn vil vi vurdere om det legges opp til arealdispensasjon eller plangrep som berører kjente kulturminner eller som er så omfattende at vi vil anbefale marinarkeologiske registreringer. Dersom det er tilfeller av kjente kulturminner som ikke er tilstrekkelig ivaretatt i planen vil vi be fylkesrådmannen om å fremme innsigelse til planen.

Med vennlig hilsen

Marianne Enoksen
Saksbehandler maritim arkeologi

Epost: arkeologi@museumstavanger.no

Kulturminnevern - vedlegg

Kulturminnevern generelt

Hå kommune er ein kommune med stort mangfald av kulturminne. Hå sin rolle som ein av dei store landbrukskommunane, har gitt eit særskilt utval av kulturminne knytt til jordbruk og landskap. Kulturminne og kulturmiljø i kommunen strekk seg frå førreformatorisk tid til vår moderne tid.

Kulturminne og kulturmiljø er viktige miljøressursar når det gjeld berekraftig utvikling og har meining for identitet, trivsel og tilknytning. Dei er også ein viktig ressurs for næringsutvikling og friluftsliv. Kulturminne gjev stadar særpreg og eigenart og dei er grunnlag for lokalsamfunnet si utvikling og for andre formar for verdiskaping. Det er difor viktig at kommunane ser på kulturminna som premissleverandørar for god samfunnsutvikling.

Kulturminnevern er eit sektorovergripande ansvar jf. kulturminnelova § 1, og i nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging blir det forventa at kommunane og identifiserar viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og tar vare på desse i kommunale planar.

Fylkesrådmannen vil påpeike at fylgjande statlege føringar om kulturminne bør leggst til i oversikten over nasjonale og regionale forventingar:

- Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (Kulturminnelova)
- St.meld. 16 (2019-2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken*. Engasjement, berekraft og mangfald – meldinga blei vedteke av Stortinget i juni 2020.

Andre føringar som kan leggst til i oversikta:

1. St.meld. nr. 16 (2004-2005) «*Leve med kulturminner*»
2. St.meld. nr. 26 (2006-2007) «*Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*»
3. St.meld. nr. 35 (2012.2013) «*Framtid med fotfeste*»
4. *Riksrevisjonens undersøkelse av bærekraftig arealplanlegging og arealdisponering i Norge (Dokument nr. 3:11 (2006-2007))*,

I den vidare planlegginga må kommunen vise til korleis omsynet til kulturminne og kulturmiljø skal bli tatt i vare ut frå plan- og bygningslova, kulturminnelova og andre nasjonale føringar. Vi viser i denne samanheng til Riksantikvaren si rettleiar *Kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Plan- og bygningsloven. 2011*, som er digitalt tilgjengeleg via Riksantikvaren si heimeside.

Til slutt kan det og bli nemnd at fylkeskommunen nettopp har starta arbeidet med ein regionalplan for kulturmiljø. Den komande planen vil vere eit relevant styringsdokument som gjev føringar for planlegging innan kulturarvområdet i regionen.

FNs berekraftmål og kulturminne

Fylkesrådmannen finn det positivt at FNs berekraftmål skal utgjere det overordna rammeverket for utviklinga av Hå-samfunnet. I samband med kulturminne er det særleg mål 11, «Berekraftige byar og lokalsamfunn», med undermål 11.4 som er særleg aktuelt, men kulturmiljø er og del av, og kan vere med å bidra til å nå fleire av dei andre måla. At styrking av kulturminnevernet er eit undermål under hovudmål nr. 11 viser tydeleg at kulturminnevern ikkje er eit isolert mål, men eit mål som må sjåast i ein større samanheng. Kulturminnevernet må og sjåast i samanheng med bl.a. hovudmål 13 (stoppe klimaendringane), som er eit av dei utvalde satsingsområda til Hå kommune.

Fylkesrådmannen utfordrar Hå kommune til å forankre viktigheita av kulturminnevernet i

FNs berekraftmål og i dei nasjonale forventningane – og ikkje minst til å vise viktigheita av kulturminnevern både som eit mål i seg sjølv og i samband med andre mål og verdiar.

Meir om omsynssoner

Når det gjeld omsynssone bevaring kulturmiljø kan det kun bli gjeve retningslinjer for tiltak, ivaretaking og utnytting av kulturminna/område. Der det er behov for eit noko sterkare vern enn det ei retningslinje kan gje, kan det bli gjeve generelle føresegner til det same arealet som omsynssona dekker. Ei generell føresegn kan også vise til eit føresegnsområde.

I kommuneplanen bør det i tillegg til eventuelle generelle føresegner knytt til omsynssoner, bli utarbeida gode generelle føresegner som går på estetikk, landskapstilpasning og kulturminne generelt som t.d. generelle føresegner knytt til kulturminneplanen og bygg registrert i SEFRAK – registeret over bygg eldre enn 1900, o.l.

Konsekvensutgreiing og kulturminne

Til arealplanen skal det utarbeidast planskildring med konsekvensutgreiing, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar for planar eller plan- og bygningslova.

Konsekvensutgreiinga skal innehalde ei særskilt vurdering og beskriving av planen si verknad for miljø og samfunn. Kulturminne, kulturmiljø og landskap er nokon av tema som må utgreiast ved nye byggeområde og endra arealbruk for eksisterande byggeområde.

På dette nivået er det aktuelt å utgreie ulike alternativ for lokalisering av utbyggingsområde, særleg gjeld dette for dei mest konfliktfylte områda. Det skal gjevast ein skildring av konsekvensar for enkeltområda og for dei samla endringane i planen. Vi viser til Riksantikvaren si temarettleiar om *Konsekvensutredning av kommuneplanens arealdel for tema kulturminner og kulturmiljøer*.


Terje Haugseng Eiendom AS

08.02.2021

Hå kommune
Rådhusgata 8, 4360 Varhaug
Epost: kommuneplan@ha.kommune.no

Innspel til kommuneplan 2021 – 2036

Gnr. 25 bnr. 133 Møllerhaugen 6. 4365 Nærbø



I dag står en enebolig på eiendommen. Ønsker å få denne lagt til delfelt 4D for en bedre total løsning for området.

41513519



terje@haugsengeiendom.no



Org nr: 981 277 198




Opstadvegen 19. 4365 Nærbø



Terje Haugseng Eiendom AS

Gnr. 22 bnr. 27 Nærbøgata 5B. 4365 Nærbø



Nærbøgata 5 var en gang i tiden 1 enhet. Ved salg ble denne eiendommen delt i to. A og B. Når en skulle bestemme hvilke bygninger enn ville verne, var ikke bolig Nærbøgata 5B med. Har enda ikke funnet noen skrift som forteller hvorfor enebolig Nærbøgata 5 B skulle ivaretas. I tidlig fase var det diskutert at alle fasader mot Nærbøgata skulle ivaretas og at en kunne bygge ut baksiden. Dette har flere i området gjort. Ønsker å få flytte sone til å gjelde bare Nærbøgata 5A slik at Nærbøgata 5B kan utvikles sammen med resten av området.

41513519



terje@haugsengeiendom.no



Org nr: 981 277 198



Opstadvegen 19. 4365 Nærbø





Terje Haugseng Eiendom AS

Gnr. 26 bnr. 61 Opstadvegen 108. 4365 Nærbø

Gnr. 26 bnr. 153 Opstadvegen 144. 4365 Nærbø

Gnr. 26 bnr. 162 Opstadvegen 146. 4365 Nærbø



41513519



terje@haugsengeiendom.no



Org nr: 981 277 198



Opstadvegen 19. 4365 Nærbø





Terje Haugseng Eiendom AS

I dag er det ikke noen god løsning i området for utkjøring for eiendommene Opstadvegen 108, 142, 144, 146 og 148. Bare det siste år har det vært 3 stk kollisjoner i utkjøringer fra eiendommene. Ønsker at en lager enn løsning for hele området som vil innebære endring av formål noen steder.

Eksisterende kommuneplan viser hvordan enn ser for seg fremtidig vegtrase i området. Personlig synes eg denne blir enn dårlig løsning. Hvis enn legger den slik som var tenkt på ett tidligere tidspunkt, vil en kunne løse flere utfordringer med det samme. Enebolig som står i dag på Opstadvegen 108, kan fjernes. Dette vil gjøre det mulig å få fortgang i tanker enn har rundt brannstasjon i området. Setter enn brannstasjonen i området som er markert i dagens kommuneplan, vil flere utfordringer stå i kø. Vegtrase, kloakk, vann og ikke minst tidspunkt for å starte utbygging av brannstasjon.

Kommunedelplan Nærbø sentrum

Forsto/antar at kommunedelplan for Nærbø sentrum ville bli lagt inn i ny kommuneplan. Eg venter til dette er gjort før ytterligere kommentarer for området dette berører (gjelder spesielt området Nærbøgata).

Beste hilsen

Terje Haugseng

41513519



terje@haugsengeiendom.no



Org nr: 981 277 198



Opstadvegen 19. 4365 Nærbø



Hå Kommune

4360 Varhaug

Nærbø. 03.02.2021

Innspill til rulering av Kommuneplanen i Hå .


Knut Åge Gjersdal, org nr 969 084 996 ønsker med dette og gi innspill til område for råstoffutvinning.

Det er i dag en godkjent reguleringsplan med ID 1174 som det nå søkes driftskonsesjon for hos Direktoratet for mineralforvaltning.

Hå Kommune har rulering av kommuneplan der det gis innspill til utveielse av område for mineralressurs uttak.

Samlet areal er på ca 145 daa, inkl eks. uttak på 14 daa. Mengde fjell for uttak er på ca 2 mill fm³. Uttaket kan økes opp til 3 mill, men det forutsetter at det tilføres ca 1 mill fm³ tilbakeføringsmasser (tippmasser). Uttaket er ikke registrert hos NGU eller DirMi da det ikke er godkjent driftskonsesjon.

Bergarter i fjellgrunnen framgår av kart med tilhørende beskrivelse .



Bergarter i området

1. Granittisk gneis, grå, forskjellige faser med sterkt utviklet foliasjon og velutviklet planstruktur. Med spredte tynne bånd av norittisk amfibolitt.
2. Pelitt, sterkt oppsmeltet migmatittisk granat-biotittgneis med tynne kvartsittiske lag, rik på rosa granat, stedvis med cordieritt og sillimanitt, med enkelte tynne mafiske lag.
3. Granittisk gneis, grå, forskjellige faser med sterkt utviklet foliasjon og velutviklet planstruktur. Med spredte tynne bånd av norittisk amfibolitt.
4. Anortositt og leukonoritt, foliert.
5. Jotunittisk til mangerittisk gang, lokalt med norittisk eller kvartsmangerittisk facies, eller jotunittisk.

Fjellmassene er godt egnet til både foredling og som blokkstein.

Med dette kan en være godt dekket med fjellmasser frem i tid, og en unngår å åpne nye steder. Det vil og gi et stort og nytt område til landbruksformål, noe som i dag består av fjell og ikke er egnet for noe i denne sammenheng. Det kan tilbakeføres til landbruk etterhvert som uttaket av masser blir ferdig. Området er godt skjermet for innsyn, og det ligger i fornuftig avstand til markedet.

